



## Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

**Dato:** 8.juni 2022

**Tid:** Kl 11.00 - 16.00

**Møteleiar:** Eiliv K Berdal

**Referent:** Elin Sørbotten

**Stad:** etasje 0 i Dagabygget - rom 0125

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Eystein Udberg	Rusettervernet	x
Liv Krognes	FFO (LPP)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Arne Hovland	FFO	
Øystein Ryningen	FFO	
Stein Erik Øvrebo	SAFO	
Frida Galaasen	SAFO(NFU/NHF)	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt råd	x
Aud Netland	Fylkeskommunalt råd	x
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	x
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	

Nr	Referat
17/ 22	Godkjent innkalling og sakliste
18/22	Godkjent referat frå førre møte
	<p>Statusorientering Nye Førde sjukehus - orientering om framdrifta av byggeprosjektet med vektlegging av brukarfokuset v/ Kjell Inge Solhaug og Ingelin Skadal. Arkitekten Anders Lager deltok via Join.</p> <p><b>Vedlagt presentasjon.</b></p> <p>Orientering i møte av Inghild Skadal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er fastlagt i dag, kva er framleis under utarbeiding</li> <li>Lite ein kan påverke pr no, veldig mykje er fastsett.</li> </ul> <p>Del tre er den fasen der pasientane vert påverka og ein må legge om drift.</p> <p><b>Spørsmål kring i kva grad FBU er orientert undervegs.</b></p> <p>Leiar Eiliv Berdal orienterer om at FBU er representert i fleire av arbeidsgruppene og har samla bra innsikt, samt har vore godt orientert undervegs i prosessen.</p> <p><b>Anders Lager orienterer om universell utforming:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggeteknisk forskrift Tek 17, fleire veilerere og standarder i tillegg ein lyt forhalde seg til.</li> <li>- Universell utforming handlar om likeverdigheit og</li> <li>- Rullestol er dimensjoneringsgrunnlaget, dei skal komme framoveralt.</li> </ul> <p><b>Spørsmål frå utvalet: Kvifor flytte fargeval frå golv til vegg?</b></p>
19/22	

- Fordel å gjere ein liten forandring frå gammalt bygg til nytt.
- Nyskaping av gammelt bygg sjølv om ein held på fargevala.
- Kontrastene er det viktige og forskriftsfesta.

Vore lojale mot fargane i Svana bygget men friska det opp i nytt Liva bygg.  
 Sikre eit bygg som lever og kan forandres i framtida, tilpasser bruk på lang sikt.  
 Harmoniseringa av fargevalet frå Svana til Liva var spenstig og godt tenkt.  
 Toalett, stellerom og andre slike rom vil få same fargeval uavhengig av kva etg ein er i.  
 Toalett vert merka i tillegg.

Heisane er ulike i kva etg ein kjem til, dette vert ingen endring på.  
 Gode tilbakemeldingar på vidareføring av det om har vore karakteristisk frå Førde sentralsjukehus.

#### **Spørsmål frå utvalet: Pasientrom, vert desse vel mørke?**

Korridoren mellom dagabygget og livabygget deles i 0-plan. Forslag om fargeval som samsvarer med Dagabygget.

Verkar som gulvet er vel mørkt, der det tenkt noko om å ha lysare fargar?

Det er ein diskusjon enda så ikkje endeleg landa. I pasientromma er det store vindu så det kjem godt med lys og mørke gulv gjev ein god kontrast. Men diskusjonen pågår enda.

#### **Lysstyring frå seng:**

- Av/på lys i rommet – vanleg lysbrytar ved seng
- Leselys – av/på på leselampe

#### **For synshemma, vert det lettare å ta seg fram i trapperomma?**

Dette har ein ikkje med i denne omgong, er ikkje med i dagens anbod.

Trapper: kontraster og gode markeringsmerker. Ledingslinjer i golv.  
 Synsmerking av søyler og glass. Søyler vert farga i kontrastfargar.  
 Dører med viktige funksjonar for pasient/brukar/pårørande er tydleg markert med ulike fargar.

Møblering, skal tas tak i til hausten. Prinsippa er lik, fargekontrast mellom møblar og bakgrunn. Gode sittehøgde, armlene på nokre, og plass til rullestol under sitteplater. Ein planlegg å teste ut desse møblane med tilsette og brukarar for å finne dei gode balansane og behova som er ute.

Vidare prosjektering for svanabygget: i dette prosjektet så skal ein veldig avgrensa inn i svanabygget. Medikamentromma i Liva står seg til prosjektet som dei held på med i høve medikament (Farmasitun).

Dialog med intensiv denne veka.

*Utvælt takkar for orienteringa frå arkitektane denne gongen, det skal være nytt møte i prosjektgruppa den 16, hovudtema på dette vert fargeval og kva retning arkitektane skal gå.*

Kunst: Terje Johan Nes, leiar av utsmykkingskomiteén på Liva bygget.  
 Har også med parkområde mellom Liva og Dagabygget i prosjektet.



	<p>Utvida parken slik at det vert rom for leikeområde til barn. Hatt mest konsentrasjon på utsmykking inne og det vert valt ein kunstnar. Det skjer ikkje så mykje i prosjektet no før over ferien.</p> <p><i>Utvaleit gjev gode tilbakemeldingar på at leikeplassen kjem, dette har vore etterlengta for mange barn.</i></p> <p><i>Etterspør om det vert noko med på veggen på Liva bygget slik at ein sikrar noko gjenkjennbart på lik linje med handa ved inngangen.</i></p> <p><i>Liv Krognes deltek i utsmykkingsnemnda frå FBU.</i></p>
20/22	<p>Overlege og leiar i klinisk etisk komite (KEK) Helge Sårheim innleiar til tema om etikk og etisk refleksjon i helsetenesta generelt og HFD spesielt. Litt om rolla til klinisk etisk komite.</p> <hr/> <p>Helge Såheim opna sitt innlegg med å utfordre FBU på å komme med spørsmål kring klinisk etisk komité og kva ein lurar på rundt etikk. Føremålet er dialog framfor presentasjon.</p> <p>Utvaleit fekk delta aktivt i drøftingsoppgåve rundt etiske dilemma.</p> <p>Gjennomgong i møte om Klinisk etikkomité (KEK), sjå vedlagt presentasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Innspel om at det burde være brukarrepresentasjon både frå somatiske og psykiatrisk avdeling. Bør også vurdere om det kan være to brukarar slik at ein kan ha nokon å drøfte med.</li></ul> <p>KEK har fast fredagsundervisning i Helse Førde 2 gonger pr år. Neste førelesning er siste fredag i November.</p> <p>KEK har fast møte med Senter for medisinsk etikk (SME) årleg.</p> <p>Tilbakemelding til Helse Førde frå FBU:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Mange har traume frå tidlegare kring det med å være på sjukehus. Det bør jobbast særskilt mot born der faren for å utvikle traumer/angst mot sjukehus. Sjukehusklovnane er eit slikt tiltak.</li><li>- Representanten Krognes tok opp ønske om to brukerrepresentanter i KEK, ein fra somatikken og ein fra psykiatrien og viste til stor ubalanse mellom tilsette og ein brukerrepresentant. Fordel å være to, for å diskutere brukerperspektivet seg i mellom, og ikkje minst ha integritet innan begge grupperingane, jfr. sakar som Sårheim tok opp. Sårheim viste til Varden hadde satt ei ramme for antall medlemmer i gruppa, men foreslo at FB kunne sende en søknad til Varden om to brukerrepresentantar.</li></ul>



	20/22	<p>Helge Sårheim presenterer aktuell sak om tvang som har vore handsama i klinisk etikk komite - med etterfølgande dialog.</p> <p>Utvælet gav gode tilbakemeldingar til Helge Sårheim om ei spennande økt med gode etiske refleksjonar.</p> <p>FBU ynskjer å ha etikk som fast innslag når det vert oppnemnt nye brukarar til utvælet.</p>
	21/22	<p>Open Post – brukarane sin time</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomirapportering – påminning om behovet for løpende innsending av krav for møtegodtgjersle og reiseutgifter</li> </ul> <p><b>Saka går ut og vert tatt opp på ny neste møte.</b></p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på aktuelle saker til møtet med styret</li> </ul> <p>Ynskjer at deltakarane skal skrive skriftlege innspel til styret, samt legge dei fram framfor. Frå leiaren si side er det ønskjeleg at vi i møtet i styret er fleire som legg fram sakene. Dette kjem vi tilbake til.</p> <p>Innspel til saker til styret:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1 Korleis jobbar ein med pakkeforløp heim mellom Helse Førde og kommunane?</li> <li>2 Rehabilitering hjerneslag/Afasi samarbeid mellom Helse Førde og kommunane. Kva vert gjort i dette samarbeidet? Utfordringar med logopedar i kommunane Habilitering/rehabiliteringsavdeling som skal byggast opp i Helse Førde. Korleis vert det jobba med dette?</li> <li>3 Vaksenhabilitering for mennesker med nedsett funksjonsevne. (med og utan språk)</li> <li>4 Samhandling generelt?</li> </ol> <p>Ber om at dei som spelar inn saker opprettar skriftleg sak og sender leiar av utvælet, så vert det gjort ei prioritering i etterkant.</p> <hr/> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eventuelt</li> </ul> <p>Oppnemning til ulike arbeidsgrupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Heimesjukehus barn og unge.</b> Helse Vest prosjekt, der Helse Førde har fått 400 000,- til dette arbeidet. FBU bør komme med ein representant som har barn inn i dette arbeidet. Lene Grønsberg har takka ja til å delta i arbeidet. FBU støttar dette framlegget.</li> <li>- <b>Brukarrepresentant inn i kliniske studier.</b> Magne Sellevold er oppnemnt i dette arbeidet, FBU støttar dette framlegget.</li> <li>- <b>Avtaleutvælet,</b> FBU ynskjer ikkje delta i dette arbeidet. Får jamnleg orientering i FSU og SSU</li> <li>- <b>Arbeidsgruppe operasjon og intensiv,</b> Magne Sellevold og Stein Erik Øvrebø er oppnemnt, FBU støttar framlegget.</li> <li>- <b>Koordinatorar i spesialisthelsetenesta,</b> oppnemning av ein deltarar frå FBU. Fyrste møte i arbeidsgruppa vert i Bergen 7 september frå 09-15. Eiliv Berdal stiller som kandidat inn i arbeidet, Marita Aarvik stiller som vararepresentant.</li> <li>- <b>NB! Tilleggsmerknad frå leiaren:</b> <i>I samråd med Marita har eg bestemt at vi byter på rollene. Marita Årvik møter som FBU sin faste representant i prosjektet «Koordinator i spesialisthelsetenesta». Leiaren i FBU stiller som vara i den grad det er behov for det.</i></li> </ul>



### Spørsmål frå Liv Krognes:

På Helse Vest sitt møte i sikkerhetspsykiatri, der Børge Tvedt og LPP deltok, opplyste Tvedt at oppnemning av brukarrepresentant til lokal arbeidsgruppe i sikkerheitspsykiatri ville bli gjort på møte i dag, men den står ikkje på saklista. Eg fekk kjennskap til dette i dag og vil etterlyse saka på møte då dette bør ha høg prioritering.

- Det er laga ein regional plan for tryggleikspsykiatri, der skal det lagast lokale arbeidsgrupper som skal jobbe vidare med dette.  
Har ikkje vore veldig aktive på dette frå HFD. Bergen har jobba tett på dette og har fått midlar til å jobbe med dette.  
Det skal lagast ei arbeidsgruppe i Helse Førde og det var meinings å få ut denne førespurnaden før møtet, men den står på trappene. Og invitasjon kjem.  
Oppnemning før neste møte i FBU.

FBU er oppteken av at dette vert jobba godt med i Helse Førde, vil ha mykje å sei for kva tilbod ein kan tilby desse brukarane. Viktig at det er riktig brukar som vert oppnemnt inn i dette arbeidet på ein kvalitativ god måte.

Liv etterlyste også brukarrådet som berre har hatt eitt planleggingsmøte, men har lenge stått som etablert på heimesida til HF. Her vart det synt til ei krevjande tid med korona, og i seinare har arbeidet med møteplass blitt prioritert. Helseføretaket vart oppmoda om fortgang i arbeidet med brukarrådet.

### Samhandlingskonferansen 2022

- Orientering om konferansen og tentativt program. Leiar ber medlemmane halde av datoane 1 og 2 november til samhandlingskonferansen.

---

**Sak tatt opp av Magne Sellevold:** Organdonasjon, det er eit ynskje om å legge fram informasjon om dette i FBU. Tema for behandling i eit møte.

Burde FBU gått ut med informasjon og oppmoda om dette? Det må i så tilfelle koordinerast med helsevesenet.

Helsedirektoratet køyrr sentrale kampanjar på dette, men kan ein gjere noko lokalt? Invitere nokon brukarar til å stå fram med sine historiar som kan motivere innbyggjarar til å melde seg som donorar.

### Konklusjon:

Saka vert tatt attende på neste møte der ein har fått tid til å sjå meir på kva rolle FBU skal ta inn i dette arbeidet. Ansvar for oppfølging av saka ligg til Eiliv og Magne

---

Helse Vest sin felles brukarutvalskonferanse vert på Flesland 19.og 20.oktober BU RHF ber felles brukarutval komme med innspel til program for samlinga.

- *Deltakarane i FBU er oppmoda om å komme med skriftlege innspel til programmet til leiar Eiliv Berdal.*

Brev med førespurnad og frist om oppnemning av kandidatar for nytt FBU frå 1.januar 2023 er send aktuelle brukarorganisasjonar. Frist for tilbakemelding 15.august.